



Britt Torill Mathiesen serverer julegraut . (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hobbyklubben i Bedehuset har hatt ein god haustsesong – med frammøte av 30 unge frå start til mål. Og mål vart nådd med juleavslutninga måndag kveld. Men det blir ikkje lang pust i bakken – like over jul er klubben i gong att.

Under avslutninga var det andakt av Ronny Lakselv, servering av julegraut (med 10 mandlar!), brus og kakar og leikar leia av klubbleiar Tore Mathiesen.

Det har denne hausten vore grupper for fly, bil, spel, film og avis. Den siste har laga julenummeret av Uskedalsposten.

Som ei julegåve delte Tore ut refleksbånd og bladet 'Barnehelg' til dei som er med i klubben

Den nye gruppa har vore populær – den som satsar på filmproduksjon! Kortfilmen med mobbing som tema skal vera klar ein gong til våren og sjølv om dette er ei møysommeleg oppgåve som krever stort tålmod er gruppa leia av Ronny godt i gang.

Over jul blir det mellom anna eit spanande opptak med veteranbussen i hovudrolla!



Og så var det sjølvsagt leikar...(Foto: Ola Matti Mathisen)